

VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE SKULEFRITIDSORDNINGANE I VOLDA KOMMUNE

Vedteke i Volda kommunestyre 27.11.2025

Utarbeidd med heimel i opplæringslova § 4-5.

§ 1. FORMÅL

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning (SFO) før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for elevar med særlege behov på 1.-7. årstrinn, jf. opplæringslova § 4-5.

SFO skal legge til rette for lek, kultur- og fritidsaktivitetar. Aktivitetane skal vere tilpassa alderen, funksjonsevna og interessene til barna.

Tilbodet skal vere tufta på same verdiar som barnehagane og skulane i Volda.

§ 2. EIGARTILHØVE

Volda kommune eig og driv dei kommunale SFO i kommunen.

§ 3. LEIING, STYRING OG ANSVAR

SFO er administrativt underlagt sektor oppvekst. Rektor har det overordna ansvaret for SFO ved den enkelte skule.

Der det er dagleg leiar for SFO, kan rektor delegere administrative og pedagogiske oppgåver.

§ 4. LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

Leike- og opphaldsareal skal vere godkjende etter dei faglege normer som gjeld, jf. *Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skulefritidsordningar*, samt stette krava i opplæringslova kap 12.

§ 5. BEMANNING

Det skal ikkje vere fleire barn pr. vaksen enn det ein finn forsvarleg. Det er rektor som har ansvaret for å vurdere kva bemanning som er forsvarleg. Bemanninga skal i praksis vere forsvarleg i forhold til risikoen for at skade eller ulykke kan skje.

Til vanleg skal det ikkje vere meir enn 15 barn pr. tilsett. Dette er ikkje til hinder for at det i kortare periodar av dagen kan vere fleire eller færre barn pr. tilsett.

§ 6. OPPTAK AV BARN

Foreldre sender søknad digitalt via foreldreportalen til Vigilo. Vedtekter ligg på kommunen si heimeside. Kommunen har eitt hovudopptak. ***Søknadsfrist er 15. april.***

Ved søknad om plass etter søknadsfrist, vil opptak vere avhengig av om det av økonomiske og praktiske omsyn er mogleg å gi eit tilbod.

Rektor er ansvarleg for opptaket. Når ein elev har fått plass, har barnet plassen ut 3. klasse eller til føresette seier den opp. 4. klassingar må søke på nytt.

Kommunen skal ha eit tilbod om SFO før og etter skuletid for barn med særlege behov på 1.-7. trinn.

Omgrepet barn med særlege behov vert definert som barn med store og omfattande hjelpebehov, dvs. varige funksjonsnedsettingar som medfører omfattande og vedvarande behov for bistand.

Barn med særlege behov i 5.-7. trinn må søke om plass i SFO innan 15. april kvart år.

I dei høve SFO ikkje har plass nok til alle som søker, må det gjerast ei prioritering etter følgjande kriterium:

1. Barn med særlege behov.
2. Barn sin alder (dei yngste får prioritet).

§ 7. OPNINGSTIDER

SFO er open mellom kl 07.30 og 16.30 utanom undervisningstid i perioden 1. august til 30. juni med følgjande unntak:

- ⊗ jule- og nyttårsaftan og onsdag før skjærtorsdag
- ⊗ 5 planleggingsdagar pr. år, der 4 av dei fell saman med undervisningspersonalet sine planleggingsdagar før skulestart

I praksis har SFO ope ut siste veka i juni, og startar første måndag i august.

Den daglege opningstida kan tilpassast timeplanen ved kvar einskild skule. Det er høve til å flytte start- og sluttid innanfor desse rammene. Opningstida vert årleg vurdert og fastsett av rektor i samråd med sektor oppvekst.

Plassalternativ:

1. 5 dagar pr. veke (inkl. morgon og ettermiddag)
2. Gratistilbod 12 t pr veke etter skuletid for 1.-3. klasse
3. 12 t pr veke etter skuletid for 4. klasse

Gratistilbodet for 1.-3. klasse og deltidstilbod for 4. klasse, vert gitt kvar dag etter skuletid. Den enkelte skule avgjer tidsrommet for gratistilbodet.

For dei som vel tilbod 5 dagar pr veke: På skular der dei yngste elevane har fri ein dag i veka, vert det gitt tilbod om SFO heile den skulefrie dagen.

Der det er eit særleg behov for utvida opningstid td. grunna ferjetider, kan slikt tilbod verte gitt. Tid utover opningstida vert då fakturert etter reell sjølvkost pr. born

§ 8. FORELDREBETALING

Kommunestyret fastset foreldrebetalinga kvart år.

Foreldra betalar for 11 månader pr. år (betalingsfri i juli).

For dei som vel full plass i 1.-3. klasse, vert prisen redusert tilsvarende 12 timar.

For 4. klassingar som vel 12 t pr veke, betalar ein 50 % av full pris.

Det vert ikkje gitt syskenmoderasjon i SFO.

Dersom for sein henting fører til ekstra personalkostnader, må dei føresette bere desse kostnadene.

Kommunen kan seie opp plassar det ikkje vert betalt for. Dei føresette får melding om oppseiing med 1 månads frist. Uteståande foreldrebetaling vil elles verte lagt til grunn som avslag på plass ved seinare opptak.

§ 9. OPPSEIING OG ENDRING AV Plass

Oppseiing eller endring av plass skal skje elektronisk via foreldreportalen i Vigilo.

Dersom barnet sluttar i SFO, er det 1 månads oppseiingstid rekna frå den 1. i påfølgjande månad. Det skal betalast vanleg foreldrebetaling i oppseiingstida. Ved oppseiing etter 31. mars, må ein betale ut skuleåret.

§ 10. SKYSS

SFO er eit frivillig tilbod i elevane si fritid. Skyss til og frå SFO er difor foreldra sitt ansvar, anna enn i tilfelle der eleven av særskilde grunnar har slik rett. Denne retten gjeld berre når det er skuledagar. Som hovudregel vert ikkje elevar som i utgangspunktet har skyssrett, og som er tekne inn i SFO, tildelt busskort. Skulle det oppstå endringar i løpet av året slik at det vert behov for busskort, skal dette meldast skriftleg til skulen. Eleven vil då få utferda busskort i samsvar med innmeldte behov. Foreldra stadfestar at dei er kjende med og godtar dette ved signering av søknad om plass i SFO.

§ 11. FORSIKRING

Volda kommune har kollektiv ulykkesforsikring for elevar i skulen/SFO.

Forsikringa gjeld også på veg til og frå skulen.

§ 12. POLITIATTEST, TEIEPLIKT OG OPPLYSNINGSPLIKT

Dei som vert tilsette i skulefritidsordninga må legge fram politiattest, jfr oppl § 17-11.

Tilsette i skulefritidsordningane har teieplikt etter reglane i forvaltningslova §13.

Tilsette i skulefritidsordninga har opplysningsplikt til sosialtenesta og barnevernet, jfr oppl §§ 24-2 og 24-3.

§ 13. IVERKSETTING

Vedtektene vert gjort gjeldande frå 01.08.2026.